

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2017

VEST-AGDER UNGDOMSLAG

Styret:

Terje Haaland – leiar
Janet Staddeland – nestleiar
Hillbjørg Tveit – styremedlem
Audar Solberg – 1. varamedlem

Anne-Beate Guldal Labas – styremedlem
Gunvor Syvertsen – styremedlem
Cesare Sciardi – 2. varamedlem

Administrasjon:

Borghild Løver: Skrivaroppdrag mm. Tor Steinar Fromreide: Kasseraroppdrag.
Kontorstad: Vigelandstua, kontor/møtelokale leidt hjå Lindesnes Ungdomslag

Medlemstal:

31. desember	Totaltal	Under 26 år	Over 26 år
2017	965	296	669
2016	992	295	697
2015	933	295	632
2014	914	302	612
2013	867	276	591
2012	835	247	588
2011	844	242	602
2010	1040	321	719
2009	1133	376	757
2008	1027	306	721
2007	995	293	702
2006	1043	319	724
2005	1057	287	770
2004	900	176	724
2003	821		

Tala er henta frå www.webmedlem.no og [hypersys](#). Etter omlegging til nytt medlemssystem i 2011 (hypersys) er medlemstala vorten lågare.

Møte:

Styret har hatt 5 styremøte (inkludert eit kort styremøte like i etterkant av årsmøtet). Eitt møte var på Nortun på Lista, eitt på ungdomshuset i Laudal og resten på Vigelandstua. Det siste møtereferatet enda med det 39. punktet på saklista.

Årsmøtet:

Torsdag 30. mars 2017 var det årsmøte på ungdomshuset Nortun hjå Lista Ungdomslag. Dei serverte framifrå gryterett med ris og salat. 30 utsendingar frå 15 lokallag og styret pluss skrivaren og kasseraren møtte fram, totalt 36 personar. To var utan røysterett: Skrivaren (Borghild Løver) og kasseraren (Tor Steinar Fromreide). Blant dei røysteføre var fondstyret, Agder folkemusikk- og folkedansnemnd og valnemnda representert.

Heidersmedlemer: Våre to heidersmedlemer er Brit Versland og Olav Molland.

Tal lag: VAUL har 21 aktive lag jfr. Hypersys.

Gjennomføring av arbeidsprogram 2017

Organisasjon og ymse; styret sitt arbeidsområde

1. Tilby utdanning og kurs til (fylkes)tillitsvalde (i samarbeid med nemndene)

Gjennomført:

- **Storkurset på Rosfjord i Lyngdal, Vest-Agder 3. -5. feb.:** Styret og Agder folkemusikk- og folkedansnemnd og Lindesnes UL hadde særskilte vertsoppgåver i høve storkurset. Alle lokallaga våre hadde tilbod om gratis organisasjonskurs. Ungdomshuset til UL Lyngdølen, Heimtun, var base for dans fredag og laurdag kveld, i tillegg til at det vesle huset ved siden av («Liens hus») var base for knivlagingskurset.
- **Desse kursora gjekk heile helga:** Toradarkurs for nybyrjarar, toradarkurs for vidarekomne, samspelkurs, korseminar, knivlagingskurs, organisasjonskurs, barnelagsaktivitetskurs, tradisjonsdansekurs, ungdomsdansekurs, agderslåttar og vokalkurs med ymse.
- **Dei 6 siste kunne kombinerast på tvers av kursrammene,** alt etter kva for bok folk var mest interesserte i. Her nemner me innhaldet: Styrearbeid, HMS, konflikthandtering, praktisk nettarbeid, hip-hop/breikdanskurs, halling, syrisk dans (denne gjekk ut), agderslåttar (fele), langeleik, rose måling, makramé, leikar frå gamle dagar, songleikar, turdans/rilar frå Agder, pols, sviningstruktur (denne bolken gjekk ut), songdans, bukkehorn, irsk song, danseperfeksjon og kveding.
- **To helgekurs på storkurset vart avlyst:** Teaterkurs og folkedansinstruktørkurs.
- **Hovudprinsippa for storkurset** var å skape god stemning, om lag 100 deltakarar, jamvekt i økonomien og ei god fornying av kurstilboden: Knivlagning, rose måling, hip-hop/breikdans, korseminar, syrisk dans, HMS, konflikthandtering, bukkehorn, danseperfeksjon, pols, makramé og leikar frå gamle dagar er døme på bokar/kurs som aldri har vore på storkurs.

2. Vere representert på landsrådsmøte, landsmøte, fagseminar, storkurs og andre viktige samlingar (i samarbeid med nemndene)

Gjennomført:

- **Frukostmøte med Telemark, Rogaland og Aust-Agder UL sundag 5. feb. i Lyngdal:** Terje Haaland, Hillbjørg Tveit, Gunvor Syvertsen og Borghild Løver møtte.
- **Årsmøte i VABUR 22. mars:** Eirin Stave Anderssen
- **Landsmøte i Noregs Ungdomslag i Oslo 22.-23. april:** Eirin Stave Anderssen, Signhild Samuelsen, Cesare Sciardi
- **Årsmøte i Studieforbundet Kultur og tradisjon:** Kari Mysen og Borghild Løver
- **Nordsjøfestivalen i Farsund 26. aug.:** Brit Versland hadde kontradansball
- **Landsrådsmøte i Oslo 16.-17. sept.:** Eirin Stave Anderssen

Ikkje gjennomført:

Årsmøte i L/L Det Norske Teatret i Oslo i april: Ingen reiste frå VAUL på dette.

3. Sponse til saman 4 personar frå lokallaga på regionale/sentrale kurs (til dømes fagseminar)/utdanningstilbod - med høgst prioritering for dei under 26 år (styret/lokallaga)

Gjennomført: UL Kvindølen vart sponsa 3 ungdomar på teaterkurs via teaterpotten.

4. Støtte lag som sender ungar på barnleik det året dette vert tilskipa (kvart tredje år)

Ikkje gjennomført: Det var ingen ungar som reiste på barnleik i år.

5. Støtte ungdom som vil reise på NU sin sommarleir/folkekulturfestivalen (i samarbeid med lokallaga)

Gjennomført: VAUL stilte seg bak Lista UL si offensive satsing på ungdom på sommarleir.

6. Støtte lag økonomisk som sender folk på storkurs

Gjennomført:

Alle lokallaga våre fekk tilbod om gratis organisasjonskurs.

7. Støtte lag økonomisk i høve aksjon lokallag og i høve aktivitetstilskot

Gjennomført desse løyvingane:

Øvrebø UL: 3.000 kr, Marnardal UL: 3.000 kr, BUL-Kristiansand: 2.000 kr, Kvås UL: 1.000 kr.
Haustløyvingane vert gjort våren -18 saman med vårløyvingane.

Aksjon lokallag:

I 2013 søkte Marnardal UL om 15.000 kr i 3 år, og Framsteg UL om 10.000 kr det året.

I 2014 søkte Holum UL søkte om 15.000 kr i 3 år og Lista UL om 10.000 kr det året.

I 2015 søkte Lista UL om 15.000 kr i 3 år og Kvina UL om 10. 000 kr det året.

I 2016 søkte Greipstad UL om 15.000 kr i 3 år og Søgne UL om 10.000 kr.

I 2017 søkte Marnardal UL om 15.000 kr i 3 år og Kvina UL om 10.000 kr. Berre to lag har søkt kvart år, så både laga fekk det dei søkte om. Styret har vore på synfaring hjå laga med løyving for tre år.

8. Støtte lag økonomisk som ynskjer å skipe til barnestemne

Gjennomført:

Det var ikkje barnestemne i 2017, men VAUL ynskte å sponse dei som ville reise på sommarleir.

9. Gje målretta organisasjonskurs til lokallag – der heile styret er deltagande

Delvis gjennomført

Kurslærar er hanka inn og i allfall eitt lag har sagt ja.

10. Hjelpe laga som treng det med HMS-arbeid

Gjennomført:

UL Lyngdølen fekk svarhjelp til brannrapport og konsulentfirma som medførte ei kostnadssparing på om lag 100.000 kr.

11. Halde ved like fylkessamarbeid når det gjeld tilskiping av barnestemne;

Ikkje gjennomført:

Det var ikkje barnestemne i 2017.

12. Fullføre den nye heimesida

Ikkje gjennomført:

Ei siste klårgjering må til her.

13. Gje ut 2-3 utgåver av Unge Agder (i samarbeid med redaksjonsnemnda)

Delvis gjennomført:

Det kom ut 1,5 utgåve av Unge Agder i 2017 (nr. 2 kom i byrjinga av jan-18 i påvente av storkursdetaljar frå Aust-Agder UL).

14. Skipe til eitt samrådingsmøte/temamøte viss behov for det

Ikkje behov for dette i 2017:

Storkurset var staden å møtast i år – og på førehand var lokallaga spurde om kva for kurs som ville vere aktuelle for dei.

15. Halde kontakt med lokallaga, mellom anna ved telefonkontakt og post/e-post, møte ++

Gjennomført:

- Telefonkontakt av styret/skrivar
- Utsending av post og e-post
- Møte og synfaring med Marnardal UL
- Delta på dei jubilea og tilskipingane i lokallaga som fylkeslaget vert innbeden til: Eirin Stave Anderssen og Borghild Løver deltok på Lista UL sitt 125-årsjubileum.

16. Skipe til fylkesfinalen i Kven Veit (i samarb. med fjorårets vinnarlag, Marnardal UL)

Gjennomført:

Kven Veit fylkesfinale vart skipa til på heradshuset Brandsvoll hjå UL Fram i Finsland sundag 23. april, med 6 påmelde tevlingslag: BUL Kristiansand, to frå Finsland UL (Finsland 1 og 2), Marnardal UL, Hægeland UL og Lindesnes UL. Finsland 2 vann, UL Fram tok dermed 2. nappet i pokalen. Spørsmåla var laga av Harald Samuelsen, og dei var nett passe i vanskegrad.

17. Tilby bunadinformasjon til lokallaga

Gjennomført: Bunadkontakt er Dag Olav Hagen.

18. Kontradanssamlingar/kurs (ansvar Brit Versland)

Gjennomført:

Det har vore 9 sundagsøvingar på Ljosheim i 2017: 22. jan., 12. feb., 12. mars, 2. april, 20. aug., 10. sept., 8. okt., 12. nov. og 26. nov., alle under leiing av instruktør Brit Versland. Om lag 10 par har møtt fram kvar gong.

19. Ball på Husan under Nordsjøfestivalen

Gjennomført:

Brit leia ballet på Husan kalla Canselliraadens bal på laurdagskvelden (26. aug.) under Nordsjøfestivalen i Farsund, med om lag 50 deltagarar. Musikken stod ChristianiaThour- og Runddansensemble for.

20. Samkøyre lovene til VAUL med NU-lovene

Delvis gjennomført:

Styret har teke ei første handsaming av lovene og vedtekten og jamført med mønsterlov for fylkes- og lokallag og sentrallekken sine lover.

21. Utarbeide liste over instruktørar og spelemenn rundt om i fylket

Delvis gjennomført:

Nokre namn er hamna på lista, men me treng fleire.

22. Arbeide med jubileumsboka – med ein frå kvart lokallag

Delvis gjennomført:

Styret har endra til meir moderne jubileumsmarkering – med film, og knytt til seg samarbeidspersonar i høve dette for å lage ein film som viser aktiviteten i lokallaga og fylkeslaget i løpet av jubileumsåret -18.

23. Premie på 1000 kr til kvart lokallag som registrerer e-post og/eller mobilnummer på kvar medlem som er voksen/ungdom.

Delvis gjennomført: Ei fyrste oppmoding om dette har stått i Unge Agder.

24. Bruke andre kanalar og måtar til PR og blest enn dei vanlege (video mm)

Gjennomført: VAUL har etablert seg på fjesboka, og her kjem det jamleg melding om samarbeidsdans, vår-/haustfest mm.

Teater; styret sitt arbeidsområde

1. Støtte lag økonomisk som sender folk på kurs og amatørteaterfestivalen (i samarbeid med lokallaga)

Gjennomført:

Teaterpotten var sett til 10.000 kr i 2017, og UL Kvindølen fekk nytta pengane til teaterkurs for sine tre, unge teaterspirer.

2. Vere til stades på premierar i lokallaga (styret/lokallaga)

Gjennomført:

UL Kvindølen hadde ungdomsteaterpremiere den 18. juni, og Terje Haaland overrekte blomar og god-ord.

26. november overrekte Borghild Løver blomar til leiaren i UL Kvindølen på revyen «Helle det vann?» på kulturhuset i Kvinesdal.

3. Informere om støtteordningar og NU sitt teatertilbod

Gjennomført:

Vidaresendt info og post.

Anna arbeid:

1. **Langeleikane til VAUL:** Desse fekk ei overhaling av Jarle Hagane for å yte meir.
2. **Felene til VAUL:** To feler vert oppbevarte på Vig.stua.
3. **Bondeheimenfondet:** Marnardal UL har søkt om lån i Bondeheimsfondet.
4. **Gratis utlån:** VAUL har ein sminkekoffert og høgtalar med mikrofon til gratis utlån for lokallaga. For tida er sminkekofferten hjå Kvås UL.
5. **Studieforbundet kultur og tradisjon Vest-Agder:** Kari Mysen er leiar og Tor Steinar Fromreide styremedlem.
6. **Vest-Agder Musikkråd:** Paul Sveinall representerer VAUL her.
7. **Årsmeldingslotteri:** **2000 kr i gevinst til heldige Marnardal UL, som vert uttrekt blant 8 lag under årsmøtet – som hadde desse kriteria i orden:**
 - Hadde oppretta ny kontingent med medlemsliste for inneverande år (2017)
 - Hadde registrert nytt styre i 2017
 - Var til stades på årsmøtet til VAUL med minst ein representant

I tillegg vart UL Kvindølen trekt ut til å motta 2000 kr blant ALLE laga som var til stades.

Styret i Vest-Agder Ungdomslag